



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Jarle Tidlund
Sperrevegen 22
2943 ROGNE

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/9062

Arkiv:

44/242, L42

Vår dato:

04.08.2026

Saksnr.	Utval
216/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
192/26	Kommunestyret

Byggeløyve - 44/242 Sperrevegen 22 - Tilbygg

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 44/242 Sperrevegen 22
Tiltakshavar: Jarle Tidlund
Sperrevegen 22
2943 ROGNE

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, tilbygg til bustad på gnr. 44, bnr. 424, Sperrevegen 22.

Løyve er godkjent på bakgrunn av søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett datert 16.06.2026, med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggeplassen skal leverast til godkjent mottak.
2. Alt arbeid skal utførast i tråd med krava i TEK17, og inngang mellom garasje og bustad skal oppfylle gjeldande krav til brannmotstand. Syner spesielt til TEK17 kapittel 11.
3. Ved søknad om ferdigattest skal det leggjast ved dokumentasjon på at sikkerheit mot brann er ivareteke jf. TEK17 kapittel 11.
4. Tilbygget skal plasserast minimum 4 meter frå naboeigedom.

Saksopplysningar

Jarle Tidlund har sendt inn søknad om tilbygg til bustaden på Sperrevege 22. Tilbygget skal nyttast til garasje.

Tilbygget har eit BYA (bebygd areal) på om lag 37, 4 m².

Tilbygget skal førast opp på den sørlege fasaden og taket skal følgje eksisterande takkonstruksjon med tilsvarande takvinkel.

Vurdering

Eigedomen er ikkje regulert av reguleringsplan. Arealdelen av kommuneplanen 2026-2038 er gjeldande for området.

Arealføremålet for eigedomen er noverande busetnad. Tomta har digitalt oppmålte grenser og har eit areal på 2 129 m².

Etter føresegn i arealdelen er det punkt 4.2.2 som er gjeldande for eigedomen.

Tillaten BYA for eigedomar større enn 1,67 daa. er 400 m², inkludert 36 m² til parkering.

Nytt BYA for eigedomen blir:

Eksisterande bustad:	150 m ²
Tilbygg:	37,4 m ²
Garasje/uthus:	40 m ²
Garasje/uthus:	30 m ²
<u>Garasje/uthus:</u>	<u>20 m²</u>
Sum:	277,4 m ²

Tiltaket er innanfor tillaten utnytting etter gjeldande føresegn i arealdelen. Det skal nyttast same takvinkel som eksisterande bustad. Tiltaket skal plasserast lenger enn 4 meter frå nabogrense.

Det ligg føre skriftleg samtykke frå naboar, i tillegg til erklæring frå heimelsavar av eigedomen datert 01.08.2026.

Det er lagt ved informasjon om at Ringli Bygg skal bidra med oppføring av bygget.

Etter ei samla vurdering er det vurdert at tiltaket er i tråd med gjeldande planer, føresegn og forskrifter.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 17.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Gebyr

For handsaming av søknaden blir det eit gebyr på kr. 15 000 jf. kommunens betalingssatsar § 3.2.2.2 Søknadspliktige tiltak etter pbl. §20-4 inkl. ferdigattest - Mindre tiltak på bygd eigedom over 30 /70 m2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandlar bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.